



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Tokke kommune
Storvegen 60
3880 DALEN

Dykkar ref.
2017/5-7

Vår ref.
17/3060

Dato
24.05.2017

Klage frå Tokke kommune over Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i lokal struktur i Sør-Øst politidistrikt

Justis- og beredskapsdepartementet viser til klage av 9. mars 2017 frå Tokke kommune. Vidare vert det vist til Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i lokal struktur i politidistriktet for Tokke kommune:

«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Kviteseid, Seljord, Vinje, Tokke, Fyresdal, og Midt-Telemark lensmannsdistrikt, til Midt- og Vest-Telemark lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Midt-Telemark lensmannskontor, Seljord lensmannskontor, Kviteseid lensmannskontor, og Vinje lensmannskontor».

Politidirektoratet har i brev av 22. mars 2017 sendt over klagen frå Tokke kommune til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Tokke kommune og Sør-Øst politidistrikt. I brevet frå direktoratet er det opplyst at klagen frå Tokke kommune er lagt fram for dei kommunar som saka vedkjem, jf. *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 andre ledd.*

1. Bakgrunn

Nærpolitireformen, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt til Stortinget for behandling. Proposisjonen vart vedteken med nokre endringar 10. juni 2015, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). Det overordna målet med nærpolitireformen er mellom anna i Innst. 306 S (2014-2015) uttrykt slik:

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4a
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Politiavdelinga
Telefaks
22 24 95 30

Sakshandsamar
Gunnar Johnsen
22 24 53 08
gunnar.johnsen@jd.dep.no

«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».

Justis- og beredskapsdepartementet har gjeve Politidirektoratet fullmakt til å bestemma politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistatsjonsdistrikt, og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Som ein del av nærpolitireformen har politimeistrane utgreidd og foreslått endringar i politidistrikta sin lokale struktur. Siktemålet har vore å frigjere tid og ressursar slik at politiet kan vera meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa. Den lokale strukturen i politidistrikta skal leggje til rette for eit nærpoliti som er operativt og synleg, med kapasitet til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar. Innspel frå kommunar som saka vedkjem og politiets tenestemannsorganisasjonar lokalt er vurdert av politimeistrane. I tillegg har det vore diskusjonar undervegs i politidirektøren si nasjonale leiargruppe.

Tilrådingane frå politimeistrane vart sendt til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet vedtok ny lokal organisering av norsk politi 13. januar 2017.

Avgjerda frå Politidirektoratet om endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan påklagast til Justis- og beredskapsdepartementet av kommunar som vert påverka av endringa, jf. *Forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1.*

2. Merknader frå kommunen

Tokke kommune har klaga på den lokale prosessen i Vest Telemark i Sør-Øst politidistrikt, som kommunen finn underleg. Kommunen krev at tenestestad Tokke vert oppretthalde, og viser mellom anna til det gode samarbeidet som i dag er mellom politiet i Tokke og Fyresdal.

I brev av 9. mars 2017 frå Tokke kommune vert det mellom anna sagt at tilrådingane har endra seg frå opprinneleg forslag frå arbeidsgruppa om å oppretthalde to felles tenestestader (Kviteseid og Vinje) til endelig tilråding, der også tenestestadene Nissedal og Seljord vert foreslått oppretthaldne. Sluttresultatet er at det i staden for forslaget om Kviteseid som felleskontor, blir tre separate lensmannskontor (Kviteseid, Nissedal og Seljord). Samtidig skal Vinje lensmannskontor dekke Tokke, Vinje og Fyresdal kommunar, sjølv om dette kontoret til saman får fleire innbyggjarar og dobbelt så stort areal som eit felles kontor i Kviteseid. Tokke kommune synest dette er vanskeleg å forstå, og meiner mykje tyder på at aktiv jobbing frå lokale lensmenn og politisk lobbyverksemd har fått stor innverknad på sluttresultatet.

3. Merknader frå andre kommunar

Politidirektoratet har opplyst at av i alt 52 kommunar i Sør-Øst politidistrikt, er det kun Vinje kommune som har kome med synspunkt på klagen frå Tokke kommune. Vinje kommune har kome med følgjande uttaling:

«Det er Vinje kommune sitt syn at det er viktig å etablere ei soneinndeling for beredskap innan rekkevidda av maks ein time utrykkingstid. Dette er grunnleggjande for å kunne etablere akseptable tenestetilbod for publikum og bør vere eit styrande verdigrunnlag i måten ein vel å organisere og bemanne tenestestader, tenesteeiningar og geografiske driftseiningar. Dersom ein treng fleire hovud for å stable på beina ein forsvarleg og tilfredstillande beredskap må dette få konsekvensar for arbeidsdelinga ved behov og på den måten også påverke organisering/fordeling/flytting av arbeidsoppgåver dit dei same hovuda får sin oppmøtestad. Beredskap og respons-soner på maks ein times responstid (praktisk rekkevidde) må etter kommunens syn vere ein viktig dimensjonerande faktor. Her lyt ein særleg sjå hen til reisetid mot Haukeliffjell og Møsstrand i Vinje. Dersom det skal vere ein felles tenestestad for kommunane Fyresdal, Tokke og Vinje så lyt denne difor vere lokalisert i Åmot.

Vinje kommune er oppteken av at Politidirektoratet held seg til dei opprinnelege føringane som låg i rammer og retningsliner for geografisk driftseiningar, tenesteeiningar og tenestestader. Kommunen vil særleg peike på at det er viktig med reell lokal leiing av politiarbeidet.

Vinje kommune vil avslutningsvis understreke behovet for ei dimensjonering av polititenestene i utkantane som gjev ei heilskapleg organisering og bemanning, og gjev reelt likeverdige tenester og likeverdig beredskap.»

4. Politidirektoratet si vurdering

Politidirektoratet har i brev til departementet av 22. mars 2017 gjort greie for vurderingsgrunnlaget og ikkje funne grunn til å omgjera si tidlegare avgjerd for Tokke kommune.

Politidirektoratet har vist til at avgjerda av 13. januar 2017 om å slå saman Tokke lensmannskontor med lensmannskontora i Fyresdal og Vinje til ein tenestestad plassert i Vinje, var basert på tilråding frå politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt.

Politimeisteren si tilråding er gjort utifrå politifaglege vurderingar, og ein lokal prosess med involvering av kommunar og fagforeningar.

Vidare er det vist til at direktoratet har vurdert innspela og synspunkta som har kome fram, både i klagen frå Tokke kommune og politimeisteren sine synspunkt i brev av 15. mars 2017. Politimeisteren har gjort greie for korleis politiet sine tenester vil bli

handtert i Tokke kommune når lensmannskontoret vert samanslege. Politidirektoratet har etter dette lagt til grunn at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar i tråd med nærpolitireformen sine målsettingar.

Dei kommunar som saka vedkjem har fått seg førelagt klagen frå Tokke kommune, og Politidirektoratet har vurdert innspelet frå Vinje kommune. Etter direktoratet si vurdering kjem det ikkje fram opplysningar her som tilseier ei endra vurdering.

Politidirektoratet har såleis konkludert med at det ikkje føreligg nye opplysningar som gjev grunnlag for å fråvike tilrådinga frå politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt.

5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjerd

Klagen er fremma i tråd med *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten av 22. juni 2016*.

Vidare går det fram at departementet kan treffa ny avgjerd eller oppheva direktoratet si avgjerd heilt eller delvis, og sende saka tilbake til direktoratet til ny behandling, jf. forskrifta § 6 første ledd. For øvrig gjeld forvaltningslova kapittel II og III og alminnelege reglar om god forvaltningsskikk for departementet si klagebehandling, jf. forskrifta § 7.

Tokke kommune har klaga på prosessen. Kommunen meiner at prosessen har vore underleg og vanskeleg å forstå, og trur at mykje tyder på at aktiv jobbing frå lokale lensmenn og politisk lobbyverksemd har hatt stor påverknad på resultatet. Dei viser til endringar i vurderingar som er gjort undervegs i den lokale prosessen, og som har resultert i at tenestestaden i Tokke vert lagt ned, medan tenestestadene i Nissedal og Seljord vert oppretthaldne.

Politidirektoratet har i sitt brev til departementet gjort greie for prosessen i Sør-Øst politidistrikt. Her kjem det mellom anna fram at politimeisteren har hatt ein omfattande lokal prosess med involvering av kommunane, i tillegg til tenestemannsorganisasjonane. Dei justeringane som er gjort i høve til opprinneleg forslag er grunngevrne av politimeisteren. Departementet viser både til den politifaglege vurderinga av beredskapsomsyn knytta til oppretthalding av Nissedal lensmannskontor, og dei økonomiske og administrative vurderingane bak oppretthalding av Seljord lensmannskontor. Politimeisteren understrekar at politiet framleis skal vera til stades i Tokke med politikontakt, gjennom politirådet og patruljerende verksemd. Politimeisteren seier at målet er at innbyggjarne i Tokke kommune skal få eit minst like godt tenestetilbod frå politiet som tidlegare, og meiner at den nye strukturen vil gje rom for fleire politipatruljer i distriktet.

Departementet meiner at etablering av større tenesteeiningar vil leggje til rette for ei meir hensiktsmessig polititeneste gjennom mellom anna omdisponering av ressursar til operativ teneste og auka patruljeverksemd vil kunne gje kortare responstid. Endringane

som er vedtekne for Sør-Øst politidistrikt vil etter departementet si vurdering leggje til rette for at dei sentrale krava til polititeneste som er omtala i Prop. 61 LS (2014-2015) og Innst. S 306 (2014-2015) kan ivaretakast på ein god måte.

Elles vil departementet understreka at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ein sentral rolle i samspelet mellom driftseininga, tenestestaden og kommunen. Departementet meiner at politikontakten, som skal vera etablert innan 15. juni 2017 i samtlege kommunar, på ein god måte vil bidra til at politiet jobbar tettare og meir strukturert saman med kvar kommune, og under dette opparbeider seg god lokalkunnskap om kommunen.

Politimeisteren viser til at han gjennom nærpolitireformen har som intensjon at politiet i mykje større grad skal oppsøke publikum der dei er og levere tenester med høgare kvalitet enn tidlegare innanfor politioperative tenester, etterforsking og i det førebyggjande arbeidet. På lik linje med Politidirektoratet meiner departementet at politimeisteren har gjort politifaglege vurderingar i tråd med målsettingane i nærpolitireformen. Vidare er krava til publikumsservice, tilgjengelighet og beredskap slik departementet ser det ivaretekne for innbyggjarane i Tokke kommune. Vi viser også til brevet frå Tokke kommune til Justis- og beredskapsdepartementet 22. mai 2017. Brevet er vurdert, med endrar ikkje departementet si avgjerd i saka.

Etter ei samla vurdering av saka legg Justis- og beredskapsdepartementet til grunn at Politidirektoratet ikkje har lagt vekt på utanforliggjande eller usaklege omsyn, samt at det heller ikkje er gjort einsidig eller vilkårleg vektlegging av enkelte omsyn.

Involverte kommunar har blitt førelagt klagen i tråd med forskrifta § 5 andre ledd.

Etter ei samla vurdering av dei opplysningar som er lagt fram i saka finn ikkje departementet grunnlag for endra vurdering av spørsmålet om ny tenestestadsstruktur for Tokke kommune i Sør-Øst politidistrikt. Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 vert ståande.

Klagen vert ikkje teken til følgje.

Justis- og beredskapsdepartementet si avgjerd kan ikkje påklagast, jf. *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 6 andre ledd.*

Ein kopi av dette brevet er sendt Politidirektoratet til orientering.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til
Politidirektoratet